



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

13.02.2023

Vår ref:

2023/1003

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202217261

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til melding om Hazel Hill Farm kraftverk i Feiosvassdraget, Vik

Statsforvaltaren har ikkje kjennskap til allmenne interesser som skulle tilseie at det ikkje kan gjevast konsesjonsfritak for Hazel Hill Farm kraftverk.

Vi viser til oversendinga 10.1.2023 som gjeld førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Havsgård mikrokraftverk.

Bakgrunn

Det er planlagt eit kraftverk i Storelvi med inntak på kote 94, nedstraums avløpet frå Joka kraftverk. Det skal etablerast eit inntaksmagasin på 60 kubikkmeter. Frå inntaket skal det gå ei 300 meter lang nedgraven røyrgate, ned til kraftstasjonen på kote 80. Maksimalt vassuttak er på 4,3 prosent av middelvassføringa. Det er planlagt minstevassføring litt i overkant av alminneleg lågvassføring. Det er ikkje bestemt kva type turbin ein vil ta i bruk, og difor er ikkje maksimal effekt opplyst i meldinga. Estimert årleg energiutbytte er på 0,08 GWh.

Ei konsesjonspliktvrdering gjeld effektar av vassdragstiltaket; altså vassuttaket og konstruksjonar i vassdraget. Ved eit eventuelt konsesjonsfritak skal kommunen vurdere arealinngrep utanfor vassdraget, i deira handsaming etter plan- og bygningslova.

Vår vurdering

Det ligg ikkje inne registreringar i Naturbase av raudlisteartar eller viktige naturtypar i eller langs elva på den aktuelle strekninga som kan bli negativt påverka av ei utbygging slik det er lagt opp til i meldinga. Avløpet frå kraftverket skal etablerast om lag 700 meter ovanfor vandringshinder for sjøaure. Vi vil minne om at rennande vatn inngår i naturtypen [elvevannmasser](#) i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe.

Planlagt vassuttak på 4,3 prosent av middelvassføringa er lågt samanlikna med vanleg utnyttingsgrad for vasskraftutbyggingar dei seinare åra. Ei utbygging vil påverke ei relativt kort elvestrekning, og elva vil oppretthalde mykje av den naturlege dynamikken. Livsgrunnlaget for artar som lever i og ved elva, og landskapsverdien av elva, vil dermed i stor grad bli oppretthalde.

Vi legg til grunn at det blir stilt krav om at ei eventuell utbygging skal skje med minst mogleg inngrep i naturmiljø og dyrka mark, og at området skal stellast til att i tråd med moderne prinsipp.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vi legg òg til grunn at tekniske installasjonar blir plassert slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Vi viser elles til forureiningslova § 7 med generelle reglar om å unngå forureining.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Vik kommune

Postboks 7900
Postboks 134

5020
6891

BERGEN
VIK I SOGN